



HANDLINGSPLAN MOT MOBBING

for

ROSSLAND SKULE

Våren 2016

INNHALD

1	AVDEKKING.....	2
1.1	Mål:.....	2
1.2	Avdekking av mobbing	2
1.2.1	Årleg elevundersøking frå Utdanningsdirektoratet.	2
1.2.2	Vakt/tilsyn	3
1.2.3	Kommunikasjon lærar-elev-føresette	3
1.2.4	Ved mistanke om mobbing	4
2	LØYSING AV MOBBESAKER.....	5
2.1	Skulen sine prosedyrer når mobbing er avdekka	5
2.2	Samarbeid med andre instansar ved mobbing	6
2.2.1	Prosedyrar for samarbeid med andre partar utanfor skulen:.....	6
2.3	Arbeid i etterkant av ei mobbesak - elevarbeid	6
2.3.1	Prosedyrar for jobbing i etterkant med enkeltelevar og klasse/gruppe:.....	6
2.4	Arbeid i etterkant av ei mobbesak - organisasjonsarbeid	6
3	FØREBYGGING	8
3.1	Relasjon lærar – elev:	8
3.2	Relasjon elev – elev.	8
3.3	Relasjon lærar – føresette.	9
3.4	Skulen sitt samarbeid med heimane.	9
3.5	Skulestart.....	10
3.6	Overgangen mellom barnehagen – skule, og mellom skuleslag.	10
4	KONTINUITET.....	11
4.1	Ansvarskjede	11
4.1.1	Faste tiltak i eit årshjul	11
4.2	Årleg gjennomgang og revisjon av planen	11
5	Vedlegg 1: Forenkla flytskjema for rutiner i mobbesaker	13
6	Vedlegg 2: Ordforklaringar	14
6.1	Enkeltvedtak:.....	14
6.2	Psykososialt miljø:	14
6.3	Krenkelser	14
6.4	Trakassering:.....	14
6.5	Diskriminering:	14
6.6	Andre definisjonar på mobbing:.....	14

1 AVDEKKING

1.1 Mål:

Alle skal oppleve eit trygt og godt læringsmiljø på skulen, fritt for mobbing.

«Med mobbing eller plaging forstår vi psykisk og/eller fysisk vold retta mot eit offer, utført av einskildpersonar eller grupper. Mobbing føreset eit ujamnt styrkeforhold mellom offer og plagar, og episodane vert gjentekne over tid.»

Omsett til nynorsk frå Roland og Sørensen Vaaland, i «Zero», SAFs program mot mobbing. «Lærerveiledning», 2003).

Denne planen omhandlar også Opplæringslova §9a, og er ein del av skulen sitt systematiske arbeid for å fremje helse, miljø og tryggleik for elevane.

Opplæringslova §9a-1:

«Alle elevar i grunnskular og vidaregåande skular har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring.»

Opplæringslova §9a-3

«Skolen skal aktivt og systematisk arbeide for å fremje eit godt psykososialt miljø, der den enkelte eleven kan oppleve tryggleik og sosialt tilhøyre.

Dersom nokon som er tilsett ved skolen, får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal vedkommande snarast undersøkje saka og varsle skoleleiinga, og dersom det er nødvendig og mogleg, sjølv gripe direkte inn.

Dersom ein elev eller forelder ber om tiltak som vedkjem det psykososiale miljøet, deriblant tiltak mot krenkjande åtferd som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal skolen snarast mogleg behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Om skolen ikkje innan rimeleg tid har teke stilling til saka, vil det likevel kunne klagast etter føresegnene i forvaltningslova som om det var gjort enkeltvedtak.»

Denne planen er delt inn i fire steg:

- Avdekking av mobbing
- Løysing av mobbesaker
- Førebygging
- Kontinuitet i arbeidet

1.2 Avdekking av mobbing

Mål: Mobbing som går føre seg på og ved skulen vert avdekka. Med dette meiner vi også mobbing på skulebuss og digital mobbing.

Skulen sine prosedyrer for å avdekkje mobbing vert sett opp her. Det gjeld både mobbing mellom elevar og mobbing frå tilsette.

1.2.1 Årleg elevundersøking frå Utdanningsdirektoratet.

Undersøkinga vert gjennomført frå 5. til 10. klasse kvar haust.

- Administrasjonen klargjer undersøkinga og genererer påloggingskodar til klassane
- Administrasjonen gir tidsrommet undersøkinga skal gjennomførast innanfor.
- Teama administrerer tilgang til datamaskiner når undersøkinga skal gjennomførast.
- Teama passar på at undersøkinga vert tatt på ei tid det er nok vaksne til å gjennomføre på ein kvalitetsmessig god nok måte.
- Kontaktlærer deler ut informasjonsskriv minst to veker før gjennomføringa.
- Ansvarlege for sjølve gjennomføringa må setje seg inn i instruksane for gjennomføringa.

- Resultatet vert offentleggjort for 7. og 10. trinn på «Skoleporten». Administrasjonen går gjennom resultatata på klassenivå og handsamar resultatata i Utviklingsgruppa på skulen og i personalet.

1.2.2 Vakt/tilsyn

- Alle som har inspeksjon har på seg gul vest. Kvar tilsett har sin eigen vest. Vikarar får låna vest.
- Alle som har inspeksjon skal ha med seg skrivesaker og lappar for å notere hendingar som ein rapporterer til kontaktlærar.
- Leikeslossing og knuffing mellom elevar vert ikkje tolerert.
- Skulen og skuleplassen er delt inn i soner. Det er sett opp eit forsvarleg vakthald i dei ulike sonene. I tillegg er det sett opp ekstra tilsyn med enkeltelevar.
 - Alle tilsette har ansvar for å gjennomføra sine oppsette inspeksjonar, og setja seg inn i endringar på grunn av fråvær.
- Lærarar og anna pedagogisk personale pliktar å ha tilsyn med sine elevar i gym/garderobe i samband med kroppsøving.
 - Tilsynet skal vera i garderoben, eller tett på garderobesituasjonen, då dette kan vera ein ekstra sårbar situasjon for elevar.
 - I starten av kvart skuleår skal faglærar gjennomgå kva som vert forventta av oppførsel og kva reglar som gjeld i garderobesituasjonen.
- Alle som er ansvarleg for ei undervisningsøkt eller ei tilsynsøkt skal, så sant det er mogleg, vera klar og til stades når økta startar.
 - I overgangar der ein erfarar at det manglande inspeksjon, må ein gjera avtalar om korleis desse manglane kan dekkjast inn.

1.2.3 Kommunikasjon lærar-elev-føresette

Dette punktet tar for seg den einskilde eleven sitt læringsmiljø som utgangspunkt for å avdekkje eventuell mobbing.

- Mobbing skal vera tema på Zero-timar.
 - Alle klassane skal ha ein time i månaden med fokus på elevane sitt psykososiale arbeid.
 - Definisjonen av mobbing skal gjennomgåast i starten av året, og skal repeterast etter behov.
 - Kontaktlærar er ansvarleg for at dette vert gjennomført.
- Elevane frå 3. til 10. klasse skal kvar haust gjennomføre «Spekter», ei undersøking om mobbing og relasjonar i ein klasse.
 - Kontaktlærar er ansvarleg for dette.
- Eleven sitt psykososiale skulemiljø skal vera eit fast punkt under elevsamtalen i forkant av utviklingssamtalane.
 - Kontaktlærar er ansvarleg for dette.
- Skulen si vurdering av eleven sitt psykososiale miljø skal skildrast i samband med utviklingssamtalane.
 - Kontaktlærar er ansvarleg for dette.
- Eleven sine rettar og skulen sitt arbeid i høve til det psykososiale skulemiljøet skal vera eit tema på alle foreldremøta om hausten.
 - Kontaktlærar er ansvarleg for dette.
- Annakvart år skal ein i samband med foreldremøta ha eit felles foredrag om eit tema relatert til elevane sitt psykososiale arbeidsmiljø.
 - Rektor er ansvarleg for dette.

- Teama/trinna har ansvar for å gjennomføre aktivitetar for å fremje det psykososiale miljøet i klassane og på skulen gjennom året.
 - Det kan vera aktivitetar i samband med høgtider, karneval, skogsturar, turneringar, positimar, klassefrukostar og liknande.
 - Det er avgjerande at aktivitetane skal vera inkluderande for alle i gruppa.

1.2.4 Ved mistanke om mobbing

Dette punktet tar for seg saksgangen til skulen når det er mistanke om at mobbing skjer.

- Den som fattar mistanke om mobbing har ei handlingsplikt. Vedkommande skal informere og drøfte saka med rektor.
- Det skal gjennomførast ein stoppsamtale dersom ein i samråd meiner det kan vere nok til å stanse åtferda andre elevar reagerer negativt på.
- Innhenting av informasjon gjennom samtale med den ein trur er offer for mobbing.
 - Kontaktlærer skal umiddelbart ta kontakt med offeret. Avhengig av alvorsgrad, korleis saka er og presset på offeret skal det avtalast tid for neste møte. Møta skal skje tett.
 - Offeret skal heile tida vera orientert om kva som skal skje framover i saka.
 - Føresette til offeret skal informerast.
 - Offeret skal ikkje gjerast ansvarleg for prosessen.
 - Skulen skal opptre støttande for offeret.
 - Ansvarleg for dette er kontaktlærer og rektor.
- Innhenting av informasjon gjennom observasjon.
 - Dersom vi ikkje har ein konkret mistanke, observerer vi eleven systematisk. Det er viktig at hendingar vert observert, og at ein skil observasjon og tolking.
 - Ein må bestemma kva ein skal observera og kor lenge observasjonen skal gå føre seg.
 - Ansvarlege er kontaktlærer og heile teamet.
- Innhenting av informasjon frå elevane.
 - Kvart år skal elevane frå 3. til 10. klasse gjennomføre undersøkinga «Spekter». Dersom enkeltsaker er så komplekse at denne undersøkinga ikkje gir klare nok svar, nyttar ein kartleggingsverktøyet «Innblikk» for djupare undersøking. Då må dette gjerast i samråd med administrasjonen.
 - Ansvarleg for dette er kontaktlærer, og ved «Innblikk» også rektor.
- Innhenting av informasjon frå føresette.
 - Dersom skulen får stadfesta mistanken om at ein elev vert utsett for mobbing, vert føresette kontakta. Dette er både for å informera, men også for å innhenta ytterlegare informasjon frå føresette
 - Dersom ein føresett kontaktar skulen om mobbing, skal skuleleiinga bli informert og rektor skal fatta enkeltvedtak.
 - Ansvarleg for dette er kontaktlærer eller den som vert kontakta av føresette.

Etter undersøkinga kan saka få to utfall.

- Dersom eleven sin rett til eit godt psykososialt miljø er broten, fattar rektor eit enkeltvedtak. Det skal innehalda tiltaka skulen gjer for å sikra eleven sin rett til eit godt psykososialt miljø.
- Dersom ein finn at retten til eit godt psykososialt miljø ikkje er broten, avsluttar rektor saka med eit enkeltvedtak.

2 LØYSING AV MOBBESAKER.

Mål: Skulen tek ansvar og initiativ for å stoppe mobbing. Dette vert gjort på måtar som i neste omgang førebyggjer mobbing ved skulen.

Skulen sin fellesstrategi skal sikre at vaksne eller føresette som tek opp ei mobbesak, veit at ho vert handsama etter retningslinjer ein har vorte samde om og som samsvarar med sentralt gitte lovar og føresegner Skuleleiinga skal alltid vere orientert om mobbesaker.

2.1 Skulen sine prosedyrer når mobbing er avdekka.

Skulen sine prosedyrar når mobbing er avdekka er:

- Rektor fattar eit enkeltvedtak ut frå informasjonen som er innhenta i saka, med ei kort skildring av fakta i saka og kva som er gjort til no. Enkeltvedtaket vil gi føresette ei orientering om kva som skal skje vidare i saka.
 - Ansvarleg for dette er rektor.
- Det vert gjennomført samtalar med offer og mobbar/ar. Samtalane skal skje i denne rekkjefølgja.
 - Første samtale med offeret.
 - Første samtale skal innehalde
 - Forklaring til eleven kvifor ein har ein samtale.
 - Gi eleven støtte.
 - Gi eleven fortløpande informasjon om kva som kjem til å skje.
 - Avtale oppfølging.
 - Informere føresette til offer dersom dei ikkje allereie er informerte.
 - Kontaktlærer er ansvarleg for dette.
 - Første samtale med plagar eller mobbar.
 - Dersom det er fleire, skal det gjennomførast individuelle samtalar.
 - Konfrontere mobbaren med alvoret i den faktiske situasjonen.
 - Ikkje gå i diskusjon med mobbaren.
 - Krevje umiddelbar og full stans av den krenkjande åtferda.
 - Få eleven med på å ta avstand frå mobbinga.
 - Få eleven til å forplikte seg til positiv åtferd mot offeret.
 - Informere om konsekvensane dersom mobbinga ikkje stoppar.
 - Informere mobbaren sine føresette om innhaldet i samtalen.
 - Ansvarleg for dette er kontaktlæraren til offeret og kontaktlæraren til mobbaren.
 - Oppfølgingsamtale med offeret. Tidsrom, tal og frekvens skal skildrast i enkeltvedtaket.
 - Skal avklara om mobbinga har stansa
 - Kontaktlærer er ansvarleg for dette.
 - Oppfølgingsamtale med mobbar.
 - Skal skje raskt, og etter få dagar. Det skal gjennomførast hyppige oppfølgingsamtalar dei første vekene.
 - Føremålet er å få vite om mobbaren har slutta med mobbinga og om avtalar er følgd opp. Eventuelt må ein gjera nye avtalar eller setje inn tiltak.
 - Kontaktlærer er ansvarleg for dette.
 - Samtalar med føresette til offer.
 - Skal skje innan ei veke der ein skildrar kva ein gjer, og oppfølgingsamtaler etter behov.
 - Er det handlingar offeret kan gjere for å komme i betre posisjon?

- Treng offeret hjelp i høve til eigen åtferd for ikkje å utløyse mobbeepisodar?
- Gjere avtalar.
- Kontaktlærer er ansvarleg for dette.
- Samtalar med mobbar sine føresette.
 - Skal skje innan tre veker, og oppfølgingsamtale nummer to etter behov, men innan seks veker.
 - Kva kan føresette bidra med for at mobbing ikkje skal skje?
 - Gjere avtalar.
 - Kontaktlærer er ansvarleg for dette.

2.2 Samarbeid med andre instansar ved mobbing

Aktuelle samarbeidspartnarar utanfor skulen kan vere skulehelsetenesta, skulefagleg rådgjevar, PPT, BUP, Barnevernet, fastlege eller ekstern rettleiar.

2.2.1 Prosedyrar for samarbeid med andre partar utanfor skulen:

- Skulen freistar alltid å løysa saka på lågast mogleg nivå.
- Rektor kontaktar andre instansar og samarbeidspartnarar etter behov.

2.3 Arbeid i etterkant av ei mobbesak - elevarbeid

I etterkant av ei mobbesak, vil det vere nødvendig å jobbe strategisk i forhold til dei ulike partane: mobbeofferet, mobbarane og tilskodarane. Målet med dette arbeidet må vere å hjelpe den einskilde og hindre at mobbing skal oppstå seinare.

2.3.1 Prosedyrar for jobbing i etterkant med enkeltelevar og klasse/gruppe:

- Oppfølging med jamlege samtalar.
- Haldningsskapande arbeid i klassen.
- Dersom relasjonen til klasse/ skule er skada må ein arbeide med relasjonsbyggjande elevar for reintegrering
- Zero-time med fokus på mobbing og/eller relasjonsbyggjande arbeid minst ein gong kvar månad. Handlingsplan mot mobbing
- Ansvarleg for dette er kontaktlærer, skuleleiinga ved behov.

2.4 Arbeid i etterkant av ei mobbesak - organisasjonsarbeid

Problemløysing på individnivå og etterarbeid kan avdekke kva som er svakt i systemet og som bør endrast for å virka førebyggjande. Det er difor viktig at kvar mobbesak vert avslutta med ei evaluering der leiing saman med aktuelle partar drøftar kva ein kan lære av denne saka i organisasjonen med tanke på å førebyggje og løyse mobbing.

Prosedyrer for etterarbeid – med fokus på organisasjonen:

- Gjennomgang av saka med tanke på kva den viser av organisering og rutinar, kva som fungerer bra og kva som ikkje fungerer godt nok.
 - Evaluering på team/trinn. Skriftleggjering av funna.
 - Ansvarlege: Teamleiarar i samarbeid med rektor.
- Informasjon til andre tilsette og drøfting basert på det som kjem fram i punkt 1 i prosedyren.

- Ytterlegare konkretisering: Ting som kjem fram i punkt 4.1 vert gjennomgått på personalmøte.
- Ansvarlege: rektor
- Endring av prosedyrar dersom det er aktuelt.
 - Informasjon om endringar i prosedyren vert gjort kjende for personalet.
 - Ansvarleg: Rektor.

3 FØREBYGGING

Mål: Alle elevane skal oppleve eit godt psykososialt miljø. (Sjå også punkt 3.2.3 i denne planen)

3.1 Relasjon lærar – elev:

Læraren er ein tydeleg vaksen som eleven kan ha tillit til. Læraren jobbar for ein god relasjon til kvar enkelt elev.

Læraren jobber slik for å oppnå relasjonar med elevane.

- Er tydeleg, bestemt og konsekvent. Er ein autorativ klasseleiar.
- Høyrer og ser eleven kvar dag.
- Set av tid til å ha samtalar i kvardagen og bruker tid til å kommunisere.
- Gir elevane tryggleik ved at dei vert tatt på alvor.
- Viser handlekraft i situasjonar og følj opp det som blir sagt.
- Lagar klåre avtalar som vert haldne.
- Har struktur i arbeidet over tid.
- Har klåre grenser for godttatt åtferd.

Andre tiltak for gode relasjonar til eleven er:

- Gjennomføre strukturerte og planlagde elevsamtalar. Ein pr.halvår.
- Elevane skriv regelmessiglogg.
- Teama har det psykososiale miljøet til enkeltelevar og grupper regelmessig oppe på teammøte.

Relasjon lærar – klasse / gruppe.

Lærar utøver tydeleg leiing på ein slik måte at klassen / gruppa vert sett på som ein trygg stad for alle elevane. Læraren stiller krav ut frå kjente reglar for åtferd.

Det tyder:

- Lærar er ein tydeleg vaksen.
- Lærar er konsekvent.
- Lærar er forutsigbar og skapar tryggleik.
- Lærar er godt førebudd til timen.
- Lærar handlar ut frå elevane sine ulike behov og nivå.
- At trivsel og mobbing er tema på alle utviklingsamtaler.

Tiltak skulen set i verk for å medverke til at læraren si relasjonsbygging til klassen/gruppa har høg kvalitet:

- Skuleleiinga skal gjere dei tilsette bevisste på si rolle og deira ansvar.
- Skuleleiinga skal leggje til rette for fagleg utvikling.
- Skuleleiinga skal leggje til rette for godt samarbeid.
- Skuleleiinga skal leggje til rette for fellesaktivitetar.
- Skuleleiinga skal leggje til rette for relasjonsbygging.

3.2 Relasjon elev – elev.

Elevane i gruppa tek vare på kvarandre og er opptekne av at alle har det trygt.

Det betyr:

- At elevane inkluderer kvarandre i skularbeid og leik.
- At elevane føler ansvar og omsorg for kvarandre.
- At elevane er høflege og venlege i omgang med kvarandre.
- At elevane kjem til dei tilsette for å seie frå dersom dei opplever seg plaga/mobba, eller opplever at andre elevar vert plaga eller mobba.
- At elevane er medvitne at «tull» frå den eine si side, kan oppfattast som plaging/mobbing frå den andre si side.
- At elevane oppnår gode relasjonelle dugleikar og lære reglar for leik og sosiale aktivitetar.
- At elevane veit nok om kva som er god framferd på sosiale media

Tiltak skulen set i verk for å medverke til at dei tilsette si stimulering av positive relasjonar mellom elevane går føre seg kontinuerleg og har høg kvalitet.

- Zero-timar og Zerossamlingar på tvers av klassar og trinn.
- Fellesaktivitetar skal ha som ein del av hensikta at alle elevane skal vera inkluderte.
- BlimE-dans.
- Uteskule på tvers av klassetrinn.
- Fadderordning.
- Trivselsleiarar, kontaktlærar har ansvar for at dei minste elevane lærer reglane i trivselsleikane.
- Friminuttven/hemmeleg ven
- Positimar

3.3 Relasjon lærar – føresette.

Relasjonen mellom lærar og den enkelte eleven sin føresette er prega av respekt, tillit og samarbeidsvilje.

Det betyr:

- At det er nok og god kommunikasjon mellom lærar og kvar einskild heim.
- At føresette nyttar Visma til å halde seg orienterte om sitt born sine merknader og fråvær, og har låg terskel for å ta kontakt dersom noko er uklart.
- At skule og heim er lydhøre ovanfor den andre sine synspunkt.
- At ein har respekt for den andre sine perspektiv.
- At begge partar er imøtekommande ovanfor kvarandre. ‘

Tiltak skulen set i verk for å medverke til at lærarane sitt arbeid er med å byggje gode relasjonar til føresette, går føre seg kontinuerleg og har høg kvalitet:

- Zerokveld – tidlegare «Open dag»
- Utviklingssamtale haust og vår.
- Foreldremøte om haust og vår.
- Skuleleiinga har ansvar for å leggje til rette i høve til læraren sin arbeidstidsavtale, fysiske tilhøve og kommunikasjonskanalar.

3.4 Skulen sitt samarbeid med heimane.

Skulen har eit ope og aktivt samarbeid med dei føresette som gruppe.

Det betyr:

- Felles foreldremøte på trinn ved skulestart.
- Føresette brukast som deltakarar i utviklingsprosessar og som høyringsinstans.
- Saker som vedkjem skulemiljøet vert tatt opp i SU/SMU.

- Føresette vert informerte om korleis dei skal stille seg til ulike saker dei ønskjer å ta opp med skulen.
- Føresette oppmodast til å snakke positivt om skulen i påhøyr av borna sine.

Tiltak skulen set i verk for å medverke til at skulen sitt samarbeid med heimane har høg kvalitet og medverkar best mogleg til utvikling av gode læringsmiljø for elevane:

- Skulen har eit godt samarbeid med FAU.
- Handlingsplan mot mobbing
- Skulen informerer om korleis føresette skal gå fram i ulike saker dei ønskjer å ta opp med skulen, mellom anna i samband med mobbesaker/skriftleggjing i samband med enkeltvedtak.
- Informasjon om lovar, reglar og rettar er informert føresette gjennom heimesida til skulen.
- Føresette er representerte i SU og SMU.
- Reglar og rutinar vert fulgt opp gjennom kommunen sitt internkontrollsystem.

3.5 Skulestart

Skulestarten skal vera planlagt og trygg, og gi alle elevar ei god oppleving.

Det betyr:

- Skulestart /gruppestart skal vere godt planlagt med vekt på struktur og informasjon.
- Læraren er tydeleg, og møter klassen/gruppa på ein måte som signaliserer trygg leiing og ivaretaking som basis for gjensidig tillit.

Tiltak:

- Elevar og føresette får informasjon om klasse og lærar før første skuledag.
- Ha faste rutinar for skulestart for 1. klasse, 8. klasse og start i SFO
- Vise elevane klasserom og spesialrom, uteområde og liknande.
- Elevane blir ønske velkomne i fellesskap.
- Fast struktur (reglar, organisering, faste plassar)

3.6 Overgangen mellom barnehagen – skule, og mellom skuleslag.

Overgangen mellom barnehagen – skule , og mellom skuleslag vert opplevd som forutsigbar og trygg for elevane.

Det betyr:

- Skulen har etablert gode rutinar for overgangane.
 - Tidlege og godt planlagde overføringsmøte.
 - Samarbeidsmøte mellom tidlegare og komande kontaktlærar
 - Behov for ekstra tilrettelegging for enkelte elevar er kartlagt.

Tiltak:

- Fast samarbeidsmøte mellom Rossland- og Vestbygd lærarar før skulestart i 8.klasse.
- Overføringsmøte i desember eller januar både for barnehage og barneskule.
- Innskriving og førskuledagar med informasjon og presentasjon om elevar også til SFO-leiar.
- Rektor informerer SFO om nye elevar.
- Ekstra ressursar til første og åttande trinn..
- Besøksdag for ny 8.klasse
- Førskuledagar for nye 1. klasse.

4 KONTINUITET

Mål: Skulen sitt arbeid med å forebyggje, avdekkje og stoppe mobbing, går føre seg kontinuerleg.

4.1 Ansvarskjede

Problemet må løysast på lågast mogeleg nivå, men lærarane må vita når saker skal meldast vidare og veit kven dei skal vende seg til dersom problemet ikkje kan løysast på deira nivå. Det vil vera som ei trapp, der problema vert søkt løyst lavast mogeleg, men der ein går lenger opp i trappa når det er naudsynt.

Rektor har ansvar for at alle tilsette er informerte om ansvaret deira i mobbesaker i høve til det som er skildra tidlegare i denne planen.

4.1.1 Faste tiltak i eit årshjul

For å sikra kontinuitet i tiltaka for å forebyggja og avdekka mobbing, er faste tiltak på skulen sett inn i ein kalender over skuleåret.

August	<ul style="list-style-type: none">• Del av planleggingsdag skal vera med fokus på §9a• Zero-samling
September	<ul style="list-style-type: none">• Klasseforeldremøte m/info og arbeid med §9a. Ekstern forelesar annakvart år.• Klasseundersøking – Spekter (Frå 3. til 10. klasse)• Zero-samling
Oktober	<ul style="list-style-type: none">• Møte SU/SMU• Skriftleg vurdering i VismaFlyt tilgjengeleg for føresette ei veke før samtalen• Elevsamtalar før utviklingssamtalar• Skriftleg vurdering i VismaFlyt tilgjengeleg for føresette ei veke før samtalen - eigen vurdering på psykososialt (barnetrinnet)• Utviklingssamtalar m/tema §9a
November	<ul style="list-style-type: none">• Zero-samling
Desember	<ul style="list-style-type: none">• Trinnavis juleaktivitet (ungdomstrinn)• Teamvis juleaktivitet (barnetrinn)
Januar	<ul style="list-style-type: none">•
Februar	<ul style="list-style-type: none">• Zero-samling
Mars	<ul style="list-style-type: none">• Elevsamtalar før utviklingssamtalar• Skriftleg vurdering i VismaFlyt tilgjengeleg for føresette ei veke før samtalen eigen vurdering på psykososialt (barnetrinnet)• Utviklingssamtalar m/tema §9a
April	<ul style="list-style-type: none">• Zero-samling• Tilbakemelding SU/SMU om elevundersøkinga og evaluering av det totale arbeidet med det psykososiale arbeidet på skulen.
Mai	<ul style="list-style-type: none">•
Juni	<ul style="list-style-type: none">• Zero-samling

4.2 Årleg gjennomgang og revisjon av planen

Det er nødvendig med ein årleg revisjon for å gjera planen til eit aktivt verktøy. Ein må vurdere om planen fungerer tilfredsstillande eller om det er nødvendig med revisjon.

- Handlingsplanen skal reviderast før sommarferien kvart år.

- Ansvarleg for dette er rektor.

Ressursgruppa:

Marianne Sjo Rosslund (teamleiar småtrinnet)


Rune Brekkhus (teamleiar mellomtrinnet)

Mikal Lussand (teamleiar ungdomstrinnet)

Lisbeth Sundal (inspektør)

Hogne Brunborg (rektor)

5 Vedlegg 1: Forenkla flytskjema for rutiner i mobbesaker



6 Vedlegg 2: Ordforklaringar

6.1 Enkeltvedtak:

«Noen av de avgjørelsene som skolen tar, kalles enkeltvedtak. Det er avgjørelser som gjelder rettigheter til en eller flere bestemte personer. Eksempler på vanlige enkeltvedtak i videregående opplæring er inntak, spesialundervisning, bortvisning, tap av rett til videregående opplæring, fastsetting av standpunkt- og eksamenskarakterer og skoleskyss.

Før en rektor ved en videregående skole treffer et enkeltvedtak, for eksempel bortvisning av en elev, har eleven og hans/hennes foresatte (hvis vedkommende elev er under 18 år) krav på å bli varslet før vedtak gjøres. Vedtaket skal i regelen være skriftlig. Eleven har rett til å få alle opplysningene i saken og å se alle dokumentene som gjelder den. Før vedtaket formelt gjøres, har eleven rett til å uttale seg, og han/hun skal ha melding når vedtaket er gjort. I meldingen skal det klart framgå hva som er grunnen til vedtaket, og det skal opplyses at eleven har rett til å klage, samt hvordan man da skal gå fram. I tillegg skal eleven få informasjon om at han/hun kan søke utsatt iverksettelse av vedtaket inntil klagefristen er utløpt eller klagen avgjort.» SNL 21.02.2016

6.2 Psykososialt miljø:

«Med psykososialt miljø menes de mellommenneskelige forholdene på skolen, det sosiale miljøet og hvordan elevene og personalet opplever dette. Det psykososiale miljøet handler også om elevenes opplevelse av læringssituasjonen.» Veileder til opplæringsloven kapittel 9a – Elevenes skolemiljø

6.3 Krenkelser

Handlinger der en persons verdighet eller integritet blir krenket

6.4 Trakassering:

handling, unnlater eller ytringer som virker krenkende, skremmende, fiendtlige, nedverdiggende eller ydmykende. (Diskrimineringsloven)

6.5 Diskriminering:

Handling eller unnlattelse som fører til at noen blir behandlet dårligere enn andre, forskjellsbehandling. (Diskrimineringsloven)

6.6 Andre definisjoner på mobbing:

«Mobbing handler om et ønske om å såre- dette følges opp med en sårende handling- det er ubalanse i maktfordeling- det er repeterende- man har en urettferdig bruk av makt- noe som er til glede for utøver og til sist- en følelse av undertrykkelse hos mottaker» Ken Rigby

«Mobbing er konkret. Mobbing kan ikke prates vekk eller bortforklares. Den som blir mobbet er ikke i tvil om hva som skjer. Mobbing handler om å bli gjort ensom av andre. Om at noen tar den tryggheten du trenger for å fungere. Om at noen tvinger andre inn i et liv der krefter og tanker som skulle vært brukt på å leve, isteden blir brukt på å overleve» Fridtjof Jacobsen, VG Nett 08.11.2014.